

GFR (Glomerulær filtrasjonsrate, estimert)

Bakgrunn

Estimert GFR (e-GFR) er ein måte å rekne ut pasienten sin glomerulære filtrasjonshastigheit i nyrene på, basert på s-kreatinin, alder og kjønn. e-GFR blir automatisk rapportert på alle pasientar over 18 år som har fått analysert s-kreatinin. GFR blir estimert ved hjelp av CKD-EPI formelen.

Indikasjonar

Screeningtest for nedsett nyrefunksjon. Kontroll av pasientar med kjent nyresjukdom.

Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetning.

Haldbarheit: I kjøleskap kan serum oppbevarast i 5 døgn og gelrør i 3 døgn.

Referanseområde

Alder	GFR mL/min/1,73m ²
18 - 24 år	87 - 141
25 - 29 år	84 - 138
30 - 34 år	81 - 136
35 - 39 år	79 - 134
40 - 44 år	77 - 131
45 - 49 år	74 - 129
50 - 54 år	72 - 126
55 - 59 år	70 - 124
60 - 64 år	67 - 121
65 - 69 år	65 - 119
70 - 74 år	62 - 116
> 75 år	60 - 114

Tolkingar

Inndeling av nyresjukdom

Stadium	Funn	GFR ml/min/1,73m ²
1	Nyreskade og normal GFR	> 90
2	Nyreskade og lett nedsatt GFR	60 - 89
3	Moderat nedsatt GFR	30 - 59
4	Alvorleg nedsatt GFR	15 - 29
5	Nyresvikt	< 15

Analysen er basert på måling av s-kreatinin samt opplysningar om alder og kjønn. CKD-EPI-formelen kan ikkje nyttast på barn. e-GFR må tolkast i lys av at glomerulær filtrasjonshastigheit normalt blir redusert med om lag 1 mL/ min årleg frå 40-års alderen. Det blir difor nytta alderskorrigert referanseområde.

Ved høg alder, graviditet, sterkt avvikande kroppsstorleik, underernæring, sjukdommar som fører til muskelatrofi og ekstreme vegetardiettar er resultat av GFR-estimat usikre. Pasientar av afro-amerikansk opphav har gjennomsnittleg større muskelmasse, og ein må difor multiplisere oppgitt verdi med 1,16 for å få eit meir korrekt GFR-estimat.

Bestemming av GFR ved iohexol clearance er gullstandard og skal nyttast ved behov for eksakte GFR-verdiar.

Feilkjelde: s-Kreatinin stig utover dagen. Standardisert prøvetaking om formiddagen er ein fordel.

Pasienten bør ete lite kjøtt siste 12 timar før prøvetaking.